

Bjørn Myhr
Klubben 99
5914 Istdalstø

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/19150 - 23/16835

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
29.03.2023

Avslag på søknad om tilskot til landbruksveg på gnr. 29/3 m.fl. Hauge i Alver.

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 5 som gjeld tilskot til vegbygging avslår Alver kommune søknad om tilleggsløyving til bygging av skogsveg på gnr. 29, bnr. 3 m.fl. i Alver.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksugreininga.

Saka gjeld

18.02.2023 søkte Bjørn Myhr om tilleggsløyving til vegprosjektet på Hauge. Utan å gå nærmere inn på det no, har vegsaka ein historikk attende til 2006 dvs 16-17 år.

VURDERING:

07.12.2022 vart det løyvd inntil kr. 140.000,- til dette vegprosjektet. Det vart den gong lagt il grunn tilskot på kr 200/m³ hogstmoden skog (1100m³ skog og 60% av dette gjev kr 140.000,-). Denne skogen er på Bjørn Myhr sin eide dom (gnr. 30, bnr. 2).

Grunnen til denne løyvinga er at jordskifte la grunnlag for traséen. På løyvingstidspunktet var vi ikkje gjort kjent med etterhalde som i alle fall ein av grunneigarane i området hadde gjort kjent 18.03.2022. og som er signert av søker. Det kan slik sett stillast spørsmål om løyvingsvedtaket vart fatta på sviktande grunnlag.

I saksutgreininga den gong gjorde vi det òg klart at «veganlegget er med dette ferdig løyvd».

Søkjar grunngjew tilleggssøknaden med at skogen på gnr. 29, bnr. 1,2,3,4 og 5 ikkje er teke med. I fylgje søker er attståande skog på desse eide domane vurdert til å ha eit areal på 0,62km². Vidare er tidlegare er interessene i vegen vurdert til 80% og 20% jordbruk. Dette var utrekna av dåverande Lindås kommune, landbrukskontoret i 2006.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Kommunen har inngående kjennskap til skogen via tidlegare tilsett som seinaste åra har vore innleidt av kommunen. At ein gjev opp areal treng ikkje bety at det står så mykje skog/hogstmoden skog på eigedomane som er lista opp ovanfor. Vi lyt difor halde oss til den kunnskap som kommunen har.

Det er alt avverka skog i området som opphaveleg danna grunnlag for vegen. At det i si tid vart vurdert med interesser 80/20% for skog/jordbruksinteresser er etter vårt syn skipla i høve det som er tilfelle per i dag. Kommunen vil understreke at dette er ei ordning for skogbruk og ikkje til jordbruksvegar og/eller andre interesser utanom landbruksinteresser.

Kommunen er òg gjort kjent med at det er sendt inn/vil om kort tid verte sendt inn krav om jordskifte knytt til veganleggget med meir. Om ein likevel, etter nye opplysningar i samband med jordskiftet, skulle finne det rett å auke løyinga til prosjektet, tilseier dette at det vil vere naturleg å vente på resultatet av jordskiftet uansett. Skulle det då kome nye opplysningar som kan påverke saka, vil ein i så fall kunne søkje på nytt når dette jordskiftet er avgjort. Kommunen vil i så fall vete kva som vert søkt om.

I år har kommunen svært avgrensa midlar til rådvelde i høve slike saker. Vi har bede om 4.300.000,- og fekk opphaveleg kr 500.000,-. Denne summen er seinare auka til 1.000.000,- som framleis er langt under kva det er trøng for.

I løyinga av 07.12.2022 vart det mellom anna sett krav om at det skal sendast inn vedlikehaldsavtale. Vi minner om at det ikkje kan utbetalast noko før vi har fått ein vedlikehaldsavtale i hende.

Vi gjer for ordens skuld merksam på at annan person i området (Rita og Svenn Hauge) òg har sendt inn søknad om stønad. Likelydande avslag går til vedkomande.

Regelverk

- NMSK-strategi
- Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket
- Forvaltningslova

Regelverk

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/19150»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Myhr

Klubben 99

5914 Isdalstø